

Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Næringsavdelinga og Anne-Kjersti Stavø Stenehjelm, Plan og samfunnsavdelinga

Sak nr.: 14/2149-6

## **Budsjett 2015 / Økonomiplan 2016 tilpassing til rammene - plan og næring**

**Fylkesdirektøren for næring og fylkesdirektøren for plan og samfunn rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutval for plan og næring gjer førebelse prioriteringar på plan og næring sitt budsjett i tråd med saksutgreiinga.
2. Hovudutvalet prioriterer følgjande disponering på tenestenivå for åra 2015 og 2016:

<b>PROGRAMOMRÅDE 400</b>			
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>
4005 -Hovudutvalet - til disposisjon	1,025	0,825	0,825
<b>Sum</b>	<b>1,025</b>	<b>0,825</b>	<b>0,825</b>

Ligg på forvaltning.

<b>PROGRAMOMRÅDE 700 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET</b>			
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>
7005 – Nyskaping	24,537	23,780	20,780
7008 – Kunnskap	5,825	5,825	5,825
7000 – Bedriftsretta satsingar	32,700	26,337	31,485
7001 – Kommunikasjonsteknologi	1,511	1,000	1,000
7002 – Bransjeretta satsingar	14,520	11,670	8,000
7009 – Andre næringsområde	5,127	3,377	3,377
<b>Sum</b>	<b>84,220</b>	<b>71,989</b>	<b>70,467</b>

Budsjett 2014 er inkludert bruk av fond

<b>PROGRAMOMRÅDE 480 – DIVERSE FELLESUTGIFTER (FOLKEHELSE)</b>			
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>
4802 – Folkehelsearbeid	4,750	4,750	4,525
<b>Sum</b>	<b>4,750</b>	<b>4,750</b>	<b>4,525</b>

Ligg på forvaltning.

<b>PROGRAMOMRÅDE 715 – LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING</b>			
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>
7151 – Regionalt plan og utviklingsarbeid	2,000	1,900	1,900
7152 – Lokalt plan og utviklingsarbeid	6,728	4,318	3,820
7153 – Fellesfunksjonar og støttefunksjonar	0,338	0,438	0,438
7157 – Internasjonalt arbeid	0,660	0,660	0,660
<b>Sum</b>	<b>9,726</b>	<b>7,316</b>	<b>6,818</b>

<b>PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAK OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK</b>			
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>
7163 – Klima og miljø	2,000	1,900	1,900
7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning	1,100	1,100	1,100
<b>Sum</b>	<b>3,100</b>	<b>3,000</b>	<b>3,000</b>

3. Fylkeskommunen er ikkje rettsleg bundne til avtalen med Nordic Mining og kommunane Naustdal og Askvoll om inkubatoraktivitet knytt til rutilutvinning i Engebøfjellet. Det er difor ikkje trong for å reforhandle avtalen. Det er ikkje rom innanfor gjeldande rammer til å oppfylle målsetjinga om å delta med midlar til inkubatoraktivitet.
4. Hovudutval for plan og næring rår til at Nordfjord Hamn IKS får avslag på søknad om tilskot til utbygging av terminal retta mot sjøbasert næring utanom fiskeri i Barstadvika.
5. Film er ikkje innanfor prioriterte næringsssatsingar og hovudutvalet rår til at det ikkje vert inngått ny avtale med Western Norway Film Commission og Filmfondet Fuzz AS.
6. Hovudutvalet har ikkje funne rom for tilskot til prosjektet *Liv i Sogn*, frå kommunane Balestrand, Høyanger og Vik innafor gjeldande økonomiske ramme. Hovudutvalet tek prosjektet med som eit margintiltak i den vidare budsjettprosessen.
7. Hovudutvalet har ikkje funne rom for å gje tilskot til prosjektet Naustdal fortel innafor dagens økonomiske ramme. Hovudutvalet tek prosjektet med som eit margintiltak i den vidare budsjettprosessen.
8. Hovudutvalet prioriterer disponering av midlar avsett på tenesteområde 7152 tettstadforming for 2015 og 2016, med totalt kr. 3,0 mill. kr., for å fullføre delfinansieringa av Fjordstien i Sogndal.
9. Område som skal utgreiast opp mot innsparingskravet for åra 2017-2019 vert å kome attende til i eiga sak.

Vedlegg:

1. Søknad frå Nordfjord Hamn IKS om tilskot til større infrastrukturiltak, datert 13.06.2014
2. Søknad fri Fiskerimuseet i Måløy om tilskot til Fiskerihistorisk kunnskapssenter, datert 2.07.2014
3. Filmsatsing i Sogn og Fjordane, innspel frå Western Norway Film Commission, Fuzz og Vestnorsk filmsenter
4. Notat med vurdering av søknader og større innspel/saker innan programområde 400

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Budsjettsak mai, HPN 45/14, Prioritering – Budsjett 2015 / Økonomiplan 2015-2018 plan og næring

Arbeidsdokument for budsjettprosessen

Brev til KRD med tilbakemelding om ekstraordinære omstillingsutfordringar, datert 23.06.2014

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Samandrag**

Hovudutvalet skal i denne saka handsame samla prioritering og tilpassing til rammene på eigen sektor. For 2015 og 2016 legg vi fram ei skisse til detaljbudsjett. Når det gjeld innsparingskravet for 2017-2019 dreiar arbeidet no seg om å peike ut område som skal nærare utgreiast. Dette blir vurdert i eiga sak til hovudutvalet i oktober. Økonomiplan for 2017-2019 vert først vedteke i juni 2015.

Større søknader og innspel blir omtala og vurdert i denne saka.

### **2. Bakgrunn og saksgang**

#### **2.1 Budsjettprosessen**

På vårparten fekk hovudutvala i oppgåve å gjere ei prioritering mellom aktivitetane innan eigen sektor. I sak i mai vart det skissert eit framlegg til kjernenivå, det vil seie ein minimum innsats som fylkeskommunen må yte for å i det heile tatt kunne gje eit tilbod, og ei prioritert rekkefølge på område utover kjernenivået.

Saka i mai legg premissane for det vidare arbeidet hovudutvalet skal gjere med budsjettet, men var også eit grunnlag for finansutvalet då dei skulle fastsetje sektorrammer.

Hovudutval for plan og næring får budsjettet til handsaming slik:

- 27. mai – rekkefølgeprioritering på sektoren – [HPN sak 45/14](#)
- 23. september – detaljbudsjett på sektoren for 2015 og 2016
- 28. oktober - utgreiingsområde for økonomiplanarbeidet 2017-2019
- 25. november – handsame finansutvalet sitt endelege framlegg til budsjett for 2015 og 2016

#### **2.2 Premissar frå hovudutvalet si budsjetthandsaming i mai**

##### 2.2.1 Lovpålagde oppgåver, gjeldande planverk, regelverk, bindingar og plikter

Ein sentral del av saka i mai var å kartlegge rammene vi kan prioritere innanfor. Vi gjekk gjennom lovpålagde oppgåver, gjeldande planverk og såg på dei retningslinene som gjeld for midlane vi forvaltar. Vi går ikkje gjennom dette i detalj, og viser til sak i mai og drøftar når det er aktuelt vidare i denne saka. Summer opp kan vi seie dette:

- Lovpålagde oppgåver: Fylkeskommunen har ansvar for mange oppgåver både generelt innan regionalt utviklingsarbeid, og for spesifikke fagområde. Det ligg store forventningar til fylkeskommunen sitt arbeid innan næring, plan og samfunnsutvikling, men fylkeskommunen har stor fridom til å prioriter eigen innsats.

Den næringsretta delen har berre lovkrav knytt til konsesjon- og lokalitetstildelingar innan akvakultur som påverkar disponering av arbeidsressursar og ikkje utviklingsmidlar. Plan og samfunnsavdelinga har sterkare lovkrava knytt til tenestene, og har omtala regelverket i sak i mai og drøfta innanfor dei aktuelle tenesteområda.

- Gjeldande planverk: Fylkeskommunen har ei rekkje regionale planar som legg føringar for sektoren plan og næring. Planane er grunnlag for administrativ arbeidsinnsats og politisk arbeid, men også for innretting av dei økonomiske verkemidlane. Prioriterte

satsingar i plandokumenta må prioriterast i budsjettsamanheng. Reduserte rammer i fylkeskommunen bør føre til tydelegare prioriteringar (reduerte ambisjonar om naudsynt) i planverket.

- Regelverk for bruk av midlane: Regelverket for Kap. 551 legg føringar for korleis vi nyttar midlane, og for arbeidsinnsats knytt til oppfølging og rapportering. Midlane frå Kap. 551 utgjer i dag størstedelen av plan og næring sitt budsjett, og særleg den næringsretta delen har nytta ein stor del midlar frå Kap. 551.

Når det gjeld bindingar og plikter tek vi dette opp i kap. 4 i denne saka.

### 2.2.2 Premissar for framlegg til prioriteringar

Utviklingsarbeidet er dynamisk. Målsetjingane må vere langsiktige, men konkret innsats kan endre seg. Noko som også kompliserer drøftingane innan denne sektoren er at verkemidla ikkje kun er økonomiske, det er også trong for å tilstrekkeleg arbeidskapasitet. Både for å følgje opp lovpålagde oppgåver, i rolla som tilretteleggar, og som rådgjevarar og bestillar av tenester.

Oppsummert var dette utgangspunktet for prioritering av kjernenivå, og rekkefølge utover det:

- Plikter (lov og plikter ovanfor andre partar)
  - o Lovpålagde oppgåver
  - o Kontrakt med andre partar i form av tilsegnsbrev og avtalar
- Føringar frå regjeringa på verkemiddelbruken
- Regionale planar
- Samfunnseffektar
- Langsiktige verknader vs. prosjektarbeid

Vi viser til tilråding i mai-sak knytt til kjernenivå, og prioritert rekkefølge utover kjernenivået. Dette dannar grunnlag for dei drøftingane vi gjer i denne saka. I tillegg er det gjort vurdering av kutt der det er mogleg på kort sikt .

### **2.3 Tema for denne saka**

Innhaldet i saka ser slik ut:

1. Samandrag
2. Bakgrunn og saksgang
3. Rammer frå finansutvalet
4. Felles omtale frå fylkesmannen av budsjettprosessen
5. Kontraktar og avtalar med eksterne partar
6. Søknader og innspel
7. Prioriteringar innan sektoren plan og næring 2015 og 2016 (detaljbudsjett)
8. Oppsummering/tilråding

Saka er basert på felles bestilling til alle sektorane som skal svare på finansutvalet sine utfordringar til hovudutvala.

Hovudutvala skal starte arbeidet med å skaffe oversikt over kontraktar og avtalar (kap. 5), legge fram detaljbudsjett for 2015 og saldert sektorbudsjett for 2016 (kap. 7). Fylkesdirektør for næring har også fått i oppgåve å starte arbeidet med å re-forhandle inngått avtale med Nordic Mining og kommunane Naustdal og Askvoll om inkubatoraktivitet (kap. 5).

Finansutvalet har også bedt hovudutvala kome med framlegg til område som skal nærare utgreiast for å oppnå reduksjonane fylkeskommunen står ovanfor i 2017-2019. Denne problemstillinga vert tatt opp i eiga sak til hovudutvalet i oktober.

### **3. Felles innleiing frå fylkesrådmannen**

Fylkeskommunen står no overfor den mest krevjande budsjett- og økonomiplanprosessen nokon sinne. Nytt inntektssystem (IS) gjev ein vesentleg rammereduksjon for Sogn og Fjordane. Justert

for pårekna tapskompensasjon første året og alt forventa inntektsreduksjon, aukar salderingsutfordringa vår som følgje av det nye systemet slik:

	2015	2016	2017	2018	2019
<b>Netto auka salderingsutfordring som følgje av nytt IS</b>	-8,7	-60,7	-112,7	-164,7	-223,7

Ei slik endring i eksterne rammeføresetnader vil stille store krav til omstilling, og gjennom det store krav til organisasjonen vår. I arbeidsdokument 3/14 til finansutvalet la fylkesrådmannen fram følgjande køyrereglar han meiner må vere sentrale gjennom heile denne prosessen:

1. Vi må setje innbyggjarane sitt beste i fokus
2. Vi må vise respekt for alle tilsette
3. Vi må følgje gjeldande lover og forskrifter
4. Oppgåver kan vere lovpålagte, ikkje løysingsmåten
5. Alle reduksjonsforslag må vere tilstrekkeleg utgreidde
6. Vi må planlegge og budsjettere realistisk
7. Vi må vurdere oppgåver og tenester, vekk med ostepølven
8. Vi må framleis ha nokre vekstelement i budsjetta
9. Vi må sikre rett og nok kompetanse – i føreståande arbeid
10. Vi må framleis arbeide for å betre rammevilkåra våre

Køyrereglane vart positivt mottekne i finansutvalet, og fylkesrådmannen tillet seg difor å gjenta dei innleiingsvis i hovudutvalssakene.

#### Justert budsjett- og økonomiplanprosess

Den store reduksjonen i framtidige inntekter vil føre til at heile den fylkeskommunale verksemda må vurderast. Dette arbeidet er omfattande og vil ta tid. Finansutvalet vedtok som følgje av dette å dele den vidare budsjettprosessen opp slik:

Prosess					
<b>Budsjett 2015</b>	Rammer for 2015 i finansutvalet 18.06.2014	Detaljbudsjett 2015 i hovudutvala sept. 14	Slutthandsaming i Fylkestinget des. 14		
<b>Budsjett 2016</b>	Rammer for 2016 i finansutvalet 18.06.2014	Skisse til naudsynte tiltak i hovudutvala sept. 14	Vedtak i Fylkestinget des.14	Ev. utgreiingar og implement. i 2015	
<b>Økonomiplan 2016-19</b>	Prosessvedtak i finansutvalet 18.06.2014	Hovudutvala vert utfordra oktober og november 14	Saldering av økonomiplan – teknisk i FT des. 14	Økonomiplan -arbeid våren 2015	Vedtak i fylkestinget juni 2015

Som ein konsekvens av denne oppdelinga har hovudutvala fått to oppdrag i no i haust;

- i september (gjennom denne saka) skal hovudutvala vise korleis sektoren på best mogleg måte kan tilpasse seg følgjande rammeutfordringar på kort sikt:

	2015	2016
<b>Forvaltning</b>	-8	-12
<b>Opplæring</b>	-3	-5

<b>Tannhelse</b>	-3	-3
<b>Plan og næring*</b>	-3	-5
<b>Kultur</b>	-3	-5
<b>Samferdsle</b>	-24	-84
<b>Sum utgreiingsrammer</b>	<b>44</b>	<b>114</b>

Med bakgrunn i hovudutvala sine framlegg i denne saka skal finansutvalet 24. september drøfte den kortsiktige tilpassinga til skisserte rammeutfordringar (2015-2016).

- I slutten av oktober skal hovudutvala kome med framlegg til kva område som skal nærare utgreiast for å oppnå innsparingar på lang sikt. Finansutvalet har fastsett følgjande utgreiingsrammer for sektorane:

	<b>2017-19</b>
<b>Forvaltning</b>	30
<b>Opplæring</b>	88
<b>Tannhelse</b>	11
<b>Plan og næring*</b>	11
<b>Kultur</b>	17
<b>Samferdsle</b>	130
<b>Sum utgreiingsrammer</b>	<b>287</b>

Hovudutvala sine framlegg til utgreiingsområde vert drøfta i finansutvalet 5. november, og skal vedtakast som ein del av budsjettet i desember 2014. Sjølve utgreiingane vil bli gjorde våren 2015, med sikte på å gjere retningsgjevande innsparingsvedtak i økonomiplanen i juni 2015.

\* Merknad frå fylkesdirektør for næring og fylkesdirektør for plan og samfunn: Tala rådmannen viser i dette kapittelet er basert på innsparingskrav frå arbeidsdokument 3, der det vart lagt opp til innsparingar frå alle sektorar. Sektoren plan og næring har i tillegg eit ufordelt innsparingskrav frå arbeidsdokument 2, der innsparinga for 2014 vart dekkja av fondsbruk. Dette kjem nærare fram i kapittel 4.

#### **4. Rammer frå finansutvalet og innfallsvinkel på innsparingskravet**

Følgjande rammer er utgangspunkt for arbeidet med budsjett 2015 og 2016:

<b>Økonomiplanen</b>			
<b>Programområde</b>	<b>B-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>
<b>700 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet</b>	<b>84,220</b>	<b>76,639</b>	<b>76,617</b>
<b>715 Lokal og regional utvikling</b>	<b>9,726</b>	<b>8,766</b>	<b>8,543</b>
<i>Innsparingskrav tatt på småkommuneprogrammet (FU 14/14) på 2,4 mill. kr. er inkludert i summen i heile perioden</i>			
<b>716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk</b>	<b>3,100</b>	<b>3,100</b>	<b>3,100</b>
<b>480 Diverse fellesutgifter (folkehelse)</b>	<b>4,750</b>	<b>4,750</b>	<b>4,750</b>

Ufordelt innsparingskrav frå arbeidsdokument 2 (I 2014 bruk av fond)		-3,200	-3,200
Nytt ufordelt innsparingskrav frå arbeidsdokument 3		-3,000	-5,000
<b>Sum</b>	<b>101,796</b>	<b>87,055</b>	<b>84,810</b>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har varsla om at fylkeskommunen vil få auka si ramme for omstillingsmidlar med 5 mill. kr. i Statsbudsjettet for 2015. Midlane vert løyvde til fylkeskommunen men er øyremerka Lærdal kommune. Desse midlane er difor ikkje med i oversikta over.

Folkehelse ligg i dag ikkje under sektordelen plan og næring, men finansutvalet har bedt om at folkehelse blir vurdert som ein del av plan og næring sitt budsjett i denne saka.

Innsparingskravet i 2014 vart løyst gjennom reduksjon på programområde 715, bruk av fond og kortsiktig løysing knytt til eit prosjekt.

I 2015 ligg det eit ufordelt innsparingskrav på 6,2 mill. kr. og i 2016 er innsparingskravet 8,2 mill. kr. I denne saka må hovudutvalet ta stilling til korleis det skal dekkast inn.

Fylkesdirektørane har i si tilråding tatt utgangspunkt i ei prosentvis fordeling av reduksjonane i tråd med del av totalbudsjettet. Det vil seie at det det lagt opp til å ta 75 % av reduksjonen (4,650 mill. kr. i 2015 og 6,150 mill. kr. i 2016) på programområde 700 som dekker næringsutvikling, og 25 % (1,550 mill. kr. i 2015 og 2,050 mill. kr. i 2016) fordelt på programområda 715, 716 og 480 som dekker områda innan plan og samfunnsutvikling.

I denne saka føreset vi eit nivå frå midlar frå Statsbudsjettet kap. 551, post 60 og 61 om lag som i dag.

## **5. Kontraktar/avtalar med eksterne partar**

Alle sektorar skal no starte arbeidet med å skaffe oversikt over kontraktar/avtalar som er inngått med eksterne partar, og mellom anna sjå på om avtalen kan seiast opp. Når det gjeld sektoren plan og næring har vi ikkje kontraktar og avtalar av ein slik størrelse som einskilde andre sektorar, og bindingane har minka mykje dei siste åra. Det er likevel viktig å gå gjennom bindingane.

Den einaste saka som er av ein størrelse som kan skape store utfordringar på kort sikt er inngått avtale med Nordic Mining og kommunane om inkubatoraktivitet knytt til rutilutvinning i Engebøfjellet. Her er det ikkje formelt vedtak, sjå eigen gjennomgang under tabellen.

No ligg det føre følgjande følgjande bindingar, der det er tilsegnsbrev og avtalar med ein annan part. Vi viser også bindingar i 2014 slik at endringane og nedgangen i forpliktingar kjem fram:

<b>BINDINGAR</b>				
<b>TILTAK</b> (Alle tal i 1000 kr)	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>MERKNADER</b>
Utviklingsavtale FoU	2 800			FT sak 34/10
Fjord Norge	4 050	1450		B2011/Øk plan Løpande oppseieleg avtale
Reiselivstilbod på Sognefjorden.	400			B2011/Øk plan
Filmsatsing Sogn og Fjordane	500			FT sak 6/12
IT-forum	500			B2011/Øk plan
Avtale mellom UE og SFFK	900			B2012/Øk plan /FT -sak
Solund til 1000	375	375		B2012/Øk plan
Preform	330			B2012/Øk plan
Bratt Moro	800			B2013/Øk.plan
Kalvøya	2 670	2 670		B2013/Øk.plan.

Nye Bremanger	250			B2013/Øk.plan.
Næringshageprogrammet	1 000	1 000		FT sak 4/13.
NCE – tourisme – Fjord Norway	350	350	350	FT sak 16/13.
Avtalar med destinasjonsselskapa	3 000	3 000		FT sak 52/13.
Kommuneavtalar folkehelse	3 250	3 900	3 900	FT sak 07/04
Avtalar regionråda	2 200	2 200		B2013/Øk.plan
Avtalar frivillige organisasjonar	2 305	2 305		B2013/Øk.plan
<b>Sum</b>	<b>25 680</b>	<b>17 250</b>	<b>4 250</b>	

Tilskot til Tekno Vest låg inne i budsjett 2014 og i prioriteringssaka i mai i år. Denne bindinga er no ute sidan prosjektet ikkje er starta opp. VRI-satsinga er heller ikkje omtala her.

#### Generell vurdering av bindingane

Det typiske for denne sektoren er at forpliktingane er i form at tilskot og ikkje tenestekjøp eller investeringar. Fylkestingsvedtak om fleirårige løyvingar er følgt opp av tilskotsbrev eller avtale. Det er ikkje teke atterhald om årlege budsjettvedtak.

Vi har fått ein generell uttale frå jurist om slike forpliktingar. Eit tilsegn er eit løfte om at tilskot vil bli utbetalt og er såleis bindande. Bindinga kan verte avgrensa om det er tatt atterhald om årlege budsjettvedtak, dersom tilsegsmottakar ikkje har følgt vilkåra, eller det er spesielle formuleringar i avtale/tilsegnsbrev som opnar for tolkingar. Tilsegn kan og vere ugyldig dersom hovudutvalet ikkje hadde mynde på området.

Læra om bristande føresetnader inneber at løfte og inngåtte avtalar må reknast for å vere ugyldige dersom det seinare oppstår forhold som må sjåast på som ei "irregulær utvikling" i avtaleforholdet. Eigen pengemangel vil normalt ikkje kunne vere ein relevant bristande føresetnad.

Fylkesdirektørane meiner det ikkje er teke atterhald, eller er brot på vilkåra i tilsegna lista opp ovanfor, og det er difor ikkje mogleg å trekke seg frå forpliktingane. Ei anna sak er at det heller ikkje er ynskjeleg sidan dagens forpliktingar er relativt avgrensa økonomisk og gjeld ein kort periode.

Fylkesdirektørane legg vekt på at satsingane skal vere langsiktige, men rår til at vi framover må vere forsiktige med å binde opp midlar for langt fram i tid. Dette kan mellom anna løysast gjennom kortare avtalar, atterhald om årlege finansieringsvedtak eller ved å fullfinansiere prosjekt på vedtakstidspunktet.

#### Rutil i Engebøfjellet

Fylkesdirektøren for næring signerte i 2011 ein intensjonsavtale med Askvoll kommune, Naustdal kommune og Nordic Mining om utvikling av næringsliv og kulturliv i Naustdal og Askvoll kommunar. Dette var i tråd med vedtak i HPN sak 35/11. Dersom arbeidet med gruvedrift startar opp, skal denne avtalen konkretiserast og leggst fram for hovudutvalet for plan og næring til godkjenning. Intensjonen er då at fylkeskommunen skal gå inn med inntil 15 mill. kr over ein treårsperiode til denne satsinga.

Fylkesdirektøren for Næring har fått i oppgåve å starte arbeidet med å re-forhandle inngått intensjonsavtale. Målsettinga var få til ei tidsavgrensing på vår forplikting, eventuelt få redusert beløpet/gå heilt ut av avtalen.

Administrasjonen meiner at vi ikkje er rettsleg bundne til å bidra med 15 mill. kr. og at det ikkje er trong for å reforhandle avtalen slik fylkesutvalet har bedt om. Grunnen er ordlyden i avtalen.

Når det gjeld fylkeskommunen sitt bidrag er det nytta formuleringar som «har som målsetjing om», medan det for Nordic Mining sin del er nytta ord som «bidreg med». Skilnaden i ordlyd må vere medviten. Fylkeskommunen har hatt som siktemål å bidra med 15 mill. kr., men har ikkje bunde seg rettsleg til dette, med mindre partane har ei felles annleis forståing av kva som er avtalt.

Viss dei andre partane er usamde i vår forståing, skal tvisten i første omgang vere gjenstand for forhandlingar mellom partane, jf. avtalen.



Fylkesdirektøren rår difor til at vidare prosess blir å klargjere ovanfor dei andre avtalepartane at fylkeskommunen – grunna endra økonomiske føresetnader – ikkje er i stand til å oppfylle målsetjinga vår om å delta med 15. mill.

#### Datalagring

Det ligg inne ei formulering i plan og næring sitt gjeldande budsjett om at fylkeskommunen ynskjer å stø initiativ knytt til datalagring. Fylkesdirektør for næring meiner hovudutvalet må revurdere denne formuleringa gitt dei rammene som er kjende på noverande tidspunkt. Formuleringa bør ikkje vidareførast frå 2015.

## **6. Søknader/innspel**

### **6.1 Programområde 700 - Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet**

#### Søknad frå Nordfjord Hamn IKS om tilskot til større infrastrukturiltak

Nordfjord Hamn IKS søkjer om 12,5 mill. kr. til utbygging av terminal retta mot all sjøbasert aktivitet utanom fiskeri. Lokaliteten ligg i Barstadvika i Vågsøy kommune.

Fylkesdirektør for næring ser ikkje at det er mogleg å prioritere større søknader no, og tilrår avslag.

Sjå vedlegg 1 og 4.

#### Fiskerihistorisk kunnskapssenter

Fiskerimuseet i Måløy vil skape eit fiskerihistorisk kunnskapssenter, og søkjer om utviklingsstøtte på 5 mill. kr. over to år.

Fylkesdirektøren for næring har vurdert søknaden. Konklusjonen er at innhaldet i dette prosjektet er utanfor næringsavdelinga sitt ansvarsområde og det dette bygget skal romme delvis er kommunale oppgåver. Sjølv om delar av prosjektet likevel skulle vere innanfor næringsavdelinga sitt område, finst det ikkje økonomiske rammer for å stø eit slikt prosjekt no. Fylkesdirektøren har på bakgrunn av dette avslått søknaden.

Sjå vedlegg 2 og 4.

#### Innspel til filmsatsinga

I prioriteringssak i hovudutvalet i mai gjorde vi merksam på at satsing på film har vore på 0,5 mill. kr. sidan 2012. Avtalen med Fuzz og Vestern Norway Film Commission går ut etter 2014. Film er ikkje prioritert i verdiskapingsplanen, og fylkesdirektøren rådde til å ikkje til å vidareføre satsinga verken i kjernenivået eller i satsingar prioritert utover kjernenivået.

Denne tilrådinga står seg framleis og vi rår til å ikkje starte arbeidet med ein ny avtale.

Sjå vedlegg 3 og 4.

#### Tidlegfasefinansiering

Mangel på verky for tidlegfasefinansiering har vore diskutert ved fleire høve. Fylkesdirektøren for næring ynskjer å greie ut korleis vi kan etablere eit preså Kornfond i fylket. Vi ser oss likevel ikkje i stand til å prioritere økonomiske midlar til dette føremålet i budsjett 2015.

Sjå vedlegg 4.

#### Fiskerikai Herland hamn på Atløy

Løkeland Eiendom AS søkte i desember 2013 om tilskot frå Marint Verdiskapingsfond til utbygging av djupvasskai på Herland Hamn på Atløy. Søknaden var på sida av det Marint Verdiskapingsfond kan støtte. Det er varsla ein oppdatert søknad i samband med fylkeskommunen sin budsjettprosess. Vi har ikkje motteke nokon søknad enno. Vi nemner denne saka, men den vert ikkje handsama noko nærare då vi ikkje har søknad og naudsynt grunnlag for vurdering.

## **6.2 Programområde 715 - Lokal og regional utvikling**

### Tilflyttingsprosjekt for Vik, Høyanger og Balestrand

Det er søkt om økonomisk støtte til finansiering av eit tilflyttingsprosjekt i 5 år, kr. 0,5 mill. kr. pr. år (totalt 2,5 mill. kr.). Prosjektet er ei vidareføring av eit forprosjekt dei fekk støtte til gjennom programsatsinga «Fornyng og utvikling av offentleg sektor» som vart avvikla i 2013. Fylkesdirektøren for plan og samfunn har ikkje funne rom for tiltaket innafor gjeldande rammer, men gjer framlegg om at tiltaket vert med som eit marginaltiltak i den vidare budsjettprosessen.

### Søknad frå Naustdal kommune om økonomisk støtte til prosjekt for heilskapleg samfunnsutvikling

Naustdal kommune søker om prosjektstøtte tilsvarande kr 500 000,- pr. år i perioden 2015-2017 frå fylkeskommunen (tot. 1,5 mill. kr.). Prosjektet «Naustdal fortel», er ei oppfølging av samfunnsdelen i kommuneplanen, for heilskapleg samfunnsutvikling. Prosjektet er nyskapande i å finne fram til modellar for meir langsiktig samarbeid mellom offentlege, private og sivile aktørar. Prosjektet er eit pilotsatsing som og høyrer inn i det utviklingsarbeidet som no skjer med byregionar, der ein skal sjå på samanhengen mellom utviklingsarbeidet i by og omlandskommunar

Fylkesdirektøren har ikkje prioritert tiltaket innafor dagens økonomiske rammer, men rår til at det vert med som eit marginaltiltak i den vidare budsjettprosessen.

### Søknad frå Sogndal kommune om støtte til Fjordsti

Sogndal kommune har gjennom fleire år søkt om delfinansiering for gjennomføring av ein gjennomgåande fjordsti langs heile Sogndal sentrum, på til saman 6 mill. kr. (av ei kostnadsramme på om lag 30 mill. kr). Det er gitt løyving på 2,8 mill. kr. Ramma for tildeling til tettstadforming vart 2014 var vesentleg redusert og det vart ikkje funne rom til å følgje opp fullføring av prosjektet.

Fylkesdirektøren rår til at det innafor den ramma som ligg i budsjettet for 2015 og 2016, på tenestoområde 7152 vert gitt ei binding (på totalt 3 mill. kr.) for å medverke til at prosjektet vert finansiert og gjennomført.

### Søknad om tilskot til fleirårig prosjekt, besøksforvaltning verdsarvområde

Fylkeskommunen er søkt om tilskot på 0,4 mill. kr. Halve beløpet er løyvdd i 2014. Prosjektet vil gå over fleire år og det ligg inne forventning til vidare fylkeskommunal deltaking. Det er ikkje gjort framlegg om å sette av midlar i budsjetta for 2015 og 2016. Fylkesdirektøren rår til at vidare finansiering vert knytt til vurderingar saman med andre søknadar på dei aktuelle tilskotsordningane og midla HPN har til disposisjon.

## **7. Prioriteringar innan sektoren plan og næring 2015 og 2016**

## 7.1 Innleiing budsjett 2015 og 2016

Det blir føreslått desse endringane frå gjeldande økonomiplan for å tilpasse seg innsparingskravet:

Programområde	2015			2016		
	Rammer øk. plan	Endringar	Budsjett 2015	Rammer øk. plan	Endringar	Budsjett 2016
700 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet	76,639	-4,650	71,989	76,617	-6,150	70,467
715 Lokal og regional utvikling	8,766	-1,450	7,316	8,543	-1,725	6,818
716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk	3,100	-0,100	3,000	3,100	-0,100	3,000
480 Diverse fellesutgifter (folkehelse)	4,750	0,000	4,750	4,750	-0,225	4,525
<b>Sum plan og næring</b>	<b>93,255</b>	<b>-6,200</b>	<b>87,055</b>	<b>93,010</b>	<b>8,200</b>	<b>84,810</b>

Samanliknar vi budsjett 2014 med framlegga for 2015 og 2016, ser vi at nedgangen er større (det var i gjeldande økonomiplan lagt opp til reduksjonar før siste innsparingskrav).

Programområde	Budsjett 2014	Framlegg 2015	Endring
700 Tilrettelegging og støttefunksjonar of næringslivet	84,220	71,989	-12,231
715 Lokal og regional utvikling	9,726	7,316	-2,310
716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk	3,100	3,000	-0,100
480 Diverse fellesutg. (folkehelse)	4,750	4,750	0,000
<b>Sum plan og næring</b>	<b>101,796</b>	<b>87,055</b>	<b>14,641</b>

## 7.2 Programområde 400 – til disposisjon for hovudutval for plan og næring

Midlane som er disponible for hovudutval for plan og næring ligg teknisk på sektoren forvaltning og programområde 400, altså ikkje innanfor sektordelen til plan og næring. Dei blir flytta til aktuelle programområde ved vedtak. Nivået på midlar disponible for hovudutvalet er kraftig redusert siste åra. Fylkesdirektørane rår til å la nivået på disponible midlar bli ståande, slik at det er noko handlingsrom for gode tiltak som kjem opp gjennom budsjettåret.

Programområde	B-2014	B-2015	B-2016
Hovudutvalet - til disposisjon	1,025	0,825	0,825
<b>Sum programområde</b>	<b>1,025</b>	<b>0,825</b>	<b>0,825</b>

## 7.3 Programområde 700 – tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet – budsjett 2015 og 2016

### 7.3.1 Tilpassing til rammene – programområde 700

Dei siste åra har sektoren spissa satsingsområda, gjort korrigeringar i budsjettet og lagt eit løp for langsiktige satsingar. Det har blitt gjort større kutt og omprioriteringar, innsatsen har såleis

allereie nådd eit «minimumsnivå» på nokre område. Samstundes er fleire av desse områda, til dømes fornybar energi og industri, løfta fram som satsingar i verdiskapingsplanen.

Verdiskapingsplanen legg premissane for arbeidet framover, både for dei økonomiske disponeringane, men og for korleis vi innrettar dei administrative ressursane. Endringar i verdiskapingsplanen må også føre til endringar i budsjett. Handlingsprogrammet til verdiskapingsplanen vert vedteke i desember 2014, så for nokre satsingar er detaljert innhald enno litt usikkert.

For programområde 700 vil framtidig kompensasjonsordning for differensiert arbeidsgjevaravgift kunne påverke den samla satsinga frå 2015. Her er det framleis usikkert korleis ordninga blir, og kva overføringar som kjem gjennom Statsbudsjettet kap. 551, post 61. Den samla satsinga innan fleire tenesteområde, mellom anna bedriftsretta satsingar, reiseliv og kunnskap er avhengig av midlar frå kompensasjonsordninga. Dei totale rammene er difor usikre. Ein fjerning eller stor reduksjon i post 61 kan vere dramatisk. Nedgang i post 60 vil sjølvsagt også få konsekvensar for sektoren. Vurderingane i denne saka må gjerast på nytt ved større reduksjonar i midlar frå Statsbudsjettet.

I sak i mai la vi til grunn nokre føresetnader for dei vurderingane vi gjorde for programområde 700. Desse føresetnadane gjeld også for denne saka og det vidare arbeidet:

- Vi prioriterer innsats der fylkeskommunen kan vere arenabyggar. Dei næringsnøytrale satsingane nyskaping og kunnskap er sentrale her.
- Verdiskapingsplanen er dynamisk. Pengebruk og arbeidsinnsats kan bli endra utover i perioden. Nokre tiltak kan bli kvittert ut, og andre område kan kome til. Dette gjer det vanskeleg å legge eit fast detaljert kjernenivå og budsjett for mange år. Måla er langsiktige, aktiviteten for å nå måla kan variere.
- Det er viktig med ein god balanse mellom tilretteleggande satsingar og bedriftsretta satsingar. Utan bedriftsretta satsing på eit visst nivå, klarar vi ikkje ta ut effekten av den tilretteleggande satinga. Vi må også ta omsyn til føringar frå KMD om å prioritere bedriftsretta innsats.
- Både arbeidsinnsats og ressursar må vere på plass. Vi må ha tid og kompetanse til å følgje opp satsingane, og vere gode bestillarar der andre skal gjere jobben for oss.
- Andre partnarar må også bidra økonomisk inn i oppfølging av verdiskapingsplanen. Utan bidrag frå andre må grunnlaget for satsingsområda vurderast. På nokre område må vi vere budde på å kjøpe tenester frå andre
- Kap. 551, post 61 er avgjerande for den samla satsinga innan næringsutvikling

I tabellen under viser vi tilrådingane som er foreslått i denne saka. Vi viser også summene frå budsjett 2014 og kjernenivået som hovudutvalet vedtok i mai. Vi har valt å vise fleire satsingar under tenesteområde 7002 – bransjeretta satsingar. Vi gjer merksam på at bruk av fond for å saldere budsjettet inngår i summene for 2014.

<b>PROGRAMOMRÅDE 700 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET</b>				
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2014</b>	<b>Kjernenivå 2015 frå HPN 45/14</b>	<b>Framlegg B- 2015</b>	<b>Framlegg B- 2016</b>
7005 – Nyskaping	24,537	19,700	23,780	20,780
7008 – Kunnskap	5,825	5,225	5,825	5,825
7000 - Bedriftsretta satsingar	32,700	25,000	26,337	31,485
7001 – Kommunikasjonsteknologi	1,511	1,200	1,000	1,000
7002 – Bransjeretta satsingar - Reiseliv	9,500	5,500	6,550	5,550
7002 – Bransjeretta satsingar - Sjømatnæringar	4,120	3,870	4,120	1,450
7002 – Bransjeretta satsingar - Energi	0,400	0,400	0,400	0,400
7002 – Bransjeretta satsingar - Industri	0,300	0,300	0,300	0,300
7002 – Bransjeretta satsingar - Landbruk	0,200	0,200	0,300	0,300
7009 – Andre næringsområde	5,127	2,400	3,377	3,377

<b>Sum</b>	<b>84,220</b>	<b>63,795</b>	<b>71,989</b>	<b>70,467</b>
------------	---------------	---------------	---------------	---------------

Det er tilrådd at den næringsretta delen av sektoren skal redusere med 4,650 mill. kr. i 2015 og 6,150 mill. kr. i 2016. Sidan det allereie er lagt inn reduksjonar i økonomiplanen frå 2014 til 2015 før dette innsparringskravet er den reelle reduksjonen frå 2014 til 2015 større enn innsparringskravet som hovudutvalet no må innrette seg etter i denne saka.

Tenesteområde	Endringar - budsjettframlegg i denne saka samanlikna med budsjett 2014		Endringar - budsjettframlegg i denne saka samanlikna med økonomiplan	
	2015	2016	2015	2016
<b>Tenesteområde</b>				
7005 – Nyskaping	-0,757	-3,757	0,863	-2,785
7008 – Kunnskap	0,000	0,000	0,000	0,000
7000 - Bedriftsretta satsingar	-6,363	-3,215	-6,363	-3,215
7001 – Kommunikasjonsteknologi	-0,511	-0,511	0,000	0,000
7002 – Bransjeretta satsingar - Reiseliv	-2,950	-3,950	0,850	-0,150
7002 – Bransjeretta satsingar - Sjømatnæringar	0,000	-2,670	0,000	0,000
7002 – Bransjeretta satsingar - Energi	0,000	0,000	0,000	0,000
7002 – Bransjeretta satsingar - Industri	0,000	0,000	0,000	0,000
7002 – Bransjeretta satsingar - Landbruk	0,100	0,100	0,100	0,100
7009 – Andre næringsområde	-1,750	-1,750	-0,100	-0,100
<b>Sum</b>	<b>-12,231</b>	<b>-15,753</b>	<b>-4,650</b>	<b>-6,150</b>

Det er mindre «frie midlar» innan næringsutvikling enn det kan sjå ut til ved eit blick på totalrammene. På programområde 700 er det 71,989 mill. kr. i 2015. Av desse er til saman 20,33 mill. kr. tilrådd sett av til kommunane gjennom kommunale næringsfond og omstilling, og det er foreslått å sette av 26,34 mill. kr. til IN. Det står att 25,32 mill. kr. til næringsretta satsing som er forvalta av fylkeskommunen. Av dette er over 10 mill. kr. sett av eller foreslått sett av til avtalar og prosjekt som t.d. Fjord Norge. Midlane som står att skal dekke tilretteleggande tiltak innan alle satsingsområde, og oppfølging av verdiskapingsplanen.

Det er ikkje funne rom for omprioritering innanfor ramma til innspel/søknader jf. kap. 6.

### 7.3.2 Tenesteområde 7005 Nyskaping

#### Kommuneretta næringsutvikling og nye tiltak innan plantema nyskaping

Verdiskapingsplanen sitt plantema nyskaping femnar om ei rekkje område der fellesnemnaren er å styrkje det offentlege si evne som tilretteleggar, arenabyggjar og den gode hjelpar slik at gode tiltak får den hjelpa som dei treng. Dette er eit plantema som femnar breitt, frå integrering av arbeidsinnvandrarar til vidareføring av arbeidet med å gjere kommunane endå betre i sitt næringsarbeid.

Verdiskapingsplanen målber at det offentlege mellom anna må styrke seg innan leverandørutvikling, innkjøpsstrategi, breiband-satsing, integrering av arbeidsinnvandrarar, tilrettelegging for gjennomgangsbustadar og meir oppdaterte planverk i kommunane.

Vi skal vidareutvikle næringsapparatet, slik at dei gode hjelparane kan arbeide meir oppsøkande og vere betre rusta til å hjelpe fram nye næringar. God koordinering og satsing på kompetanseheving vil vere sentralt for å få til dette. Det er i dag eit omfemnande tilbod innan kurs og samlingar gjennom prosjektet Kommunal næringsutvikling. Størstedelen av dette prosjektet vert vidareført

som ei driftsoppgåve i fylkeskommunen, og deler av finansieringa til dette prosjektet ligg inne i dei midlane som vert sett av til kommuneretta næringsutvikling og nye tiltak innan plantema nyskaping.

Plantema nyskaping i verdiskapingsplanen målber vidare at det må arbeidast målretta med å styrke tilgangen til risikovillig eigenkapital, der vi i større grad prøver å kople kapitaleigarar med etablerarar/mindre bedrifter. Vi skal prøve å tilpasse og selje inn virkemidla innan FoU og innovasjon til mindre bedrifter, for å få til den ønska vekst og innovasjon i desse småbedriftene. Og det skal arbeidast meir med å få til betre næringsmiljø og samarbeid innan næringslivet. Plantema nyskaping peikar vidare på ei rekkje målsetnader for arbeidet med å få fram fleire som startar si eiga verksemd, der den kulturbyggande aktiviteten startar allereie i skuleåra.

Prosjekt kommunal næringsutvikling skal mellom anna spele kommunane betre innan næringsutvikling, og er no inne i si siste fase som prosjekt. Gjennom dette prosjektet har ein mellom anna tilbydt eit omfemnande tilbod innan kurs og samlingar, styrka samhandlinga m.a. gjennom kommunebesøk og etablerarkurs i heile fylket. Det er også utvikla eit program for utvikling av småbedrifter, og ein har arbeidd med å styrke informasjonsutvekslinga. Dette prosjektet skal evaluerast mot slutten av 2014, og dei aktivitetane som skal fortsetje vil i hovudsak bli drivne i regi av fylkeskommunen, i samråd med dei aktørane som vi i dag samarbeider med.

Fylkesdirektøren meiner at noko av det viktigaste som fylkeskommunen kan bida med er å arbeide for å styrke næringsapparatet sin kompetanse og gjennomføringsevne, og bygge gode treffpunkt/arenaer som fremmar denne innsatsen.

Kjernenivå på næringsapparat og nye satsingar sette vi i mai-saka til 2,5 mill. kr., og vil rår til å sette av dette for 2015 og 2016. Plantema nyskaping er særskild omfemnande, og det kan følgjeleg vere aktuelt å prosjektfinansiere fleire av tiltaka som ligg her.

### Omstilling

Det er no tre omstillingsområde i fylket. Hyllestad, Askvoll og Lærdal (i samarbeid med Årdal). Hyllestad har omstillingsstatus ut 2015 og Askvoll ut 2016. Lærdal har moglegheit til å ha omstillingsstatus ut 2018. Fylkesdirektøren har rådd til at minimumsnivået på omstilling må vere å halde oppe innsatsen om lag på dagens nivå for dei tre kommunane som allereie har omstillingsstatus. Dette vil vere avgjerande for å kunne ta ut resultatet av omstillingsarbeidet og tidlegare innsats. Å halde oppe dagens nivå betyr 8,3 mill. kr. i 2015 og 5,3 i 2016.

Dersom vi tek utgangspunkt i dagens økonomiplan må summen på omstilling opp, for å halde innsatsen på dagens nivå. Grunnen er at det har vore nytta restmidlar tidlegare, som gav eit unaturleg lågt nivå i budsjettet for 2014.

Usikre rammer gjer at det vil vere vanskeleg å ta på seg nye forpliktinga ovanfor eventuelt fleire omstillingsområde.

Fylkeskommunen vil få ei rammeauke på 5 mill. kr. i Statsbudsjettet for 2015. Rammeauken er direkte knytt til omstillingsutfordringar i Lærdal, og midlane skal øyremerkast kommunen. Desse midlane er difor halde utanom dei rammene som skal diskuterast opp mot reduksjonar no.

Fylkeskommunen har bedt om at det vert sett av 9,5 mill. kr. til omstillingsarbeid i Statsbudsjettet for 2015 i tillegg til summen på 5 mill. kr. øyremerka Lærdal.

### Kommunale næringsfond

Fylkesdirektøren meiner at ei satsing på næringsutvikling bør innehalde midlar til kommunale næringsfond. Dette er også sentralt sett i samanheng med innsatsen mot næringsapparatet. I føringane frå KMD frå 2014 ligg det at fylkeskommunen, og andre som får midlar over Kap. 551 skal prioritere bedriftsretta innsats med føremål om å utvikle arbeidsplassar og bidra til verdiskaping. I evaluering av næringsfonda og i nye retningslinjer må denne vridinga mot bedriftsretta satsing vise att.

19 kommunar får no næringsfond, og det går ei grense for kor små summar som monnar til kvar kommune. Det absolutt lågaste grensa til kommunale næringsfond sette vi i mai-sak til 8 mill. kr. No rår vi til å sette av 12,03 mill. kr.

#### Ungt entreprenørskap

Ungt Entreprenørskap gjer eit godt arbeid, og opplæringa i entreprenørskap i skulen er viktig ikkje berre med omsyn til det reint næringsmessige aspektet. Avtalen med Ungt Entreprenørskap på 0,9 mill. kr. i året går ut etter 2014. Fylkesdirektøren meiner fylkeskommunen bør inngå ein ny avtale, men med omsyn til dei usikre rammene bør avtalen vere på to år og vi bør ta atterhald om vedtak også i budsjett 2016.

Ei eventuell auke i tilskot meiner vi må dekkast utanom sektoren sidan satsinga ikkje berre er næringsretta.

#### **Tilråding Nyskaping:**

Næringsapparat og nye satsingar: Vi set av 2,5 mill. kr. til arbeid med næringsapparatet og nye satsingar innan nyskaping.

Omstilling: Det blir sett av 8,3 mill. kr. i 2015, og 5,3 i 2016. Hovudutvalet har intensjon å setje av midlar i 2017 og 2018 til å følgje opp eksisterande omstillingsområde. Øyremerka midlar til Lærdal gjennom Statsbudsjettet kjem i tillegg.

Kommunale næringsfond: Det vert sett av 12,03 mill. kr. i 2015 og 12,03 mill. kr. i 2016. Ordninga må spissast meir mot direkte bedriftsretta innsats.

Ungt Entreprenørskap: Det vert sett av 0,9 mill. kr. i 2015 og 2016 til ny avtale med Ungt Entreprenørskap.

#### 7.3.3 Tenesteområde 7008 Kunnskap

Vi gjer merksam på at satsing på film har vore på 0,5 mill. kr. sidan 2012. Avtalen med Fuzz og Vestern Norway Film Commision går ut etter 2014. Film er ikkje prioritert i verdiskapingsplanen, og fylkesdirektøren rår ikkje til å vidareføre satsinga verken i kjernenivået eller i satsingar prioritert utover kjernenivået, sjå også kap. 6 og vedlegg 3 og 4.

#### Næringshagar og inkubatorar

Fylkestinget sette i 2013 av 1 mill. kr. i året fram til og med 2015 til tre næringshagar. Så lenge næringshagane følgjer dei planar og vilkår som er sette er dette ei tydeleg forplikting. Og vi set av 1 mill. kr. både i 2015 og førebels også for 2016.

Når det gjeld inkubatorar har dei i dei siste åra blitt finansierte av INU-FSF. Dersom det av ulike grunnar ikkje let seg gjere framover, vil det utfordre budsjettet til hovudutvalet.

#### Nye satsingar – Program Ta kunnskapen i bruk og FoU

Vi gjer merksam på at FoU inngår i dette kapittelet i tråd med strukturen i verdiskapingsplanen. Kunnskap er ei svært sentral satsing om vi skal nå målet i verdiskapingsplanen om arbeidsplassvekst. Satsinga er omfattande, og det står att mykje arbeid for å konkretisere innhaldet i programmet Ta Kunnskapen i bruk som fylkeskommunen har ansvaret for. Det må påreknast å ha handlingsrom både innanfor arbeidskapasitet og finansielt.

Ein sentral del av innsatsen innan kunnskap vil vere FoU-satsing. Fylkesdirektøren rår til å sette av 0,8 mill. kr. i grunnstønad til Vestlandsforskning. Den fireårige utviklingsavtalen mellom fylkeskommunen, høgskulen og Vestlandsforskning varer ut 2014. Frå 2015 står fylkeskommunen fritt til å vurdere om vi vil inngå ein ny avtale. Fylkesdirektøren rår til å vurdere ein ny avtale, men meiner avtalen må innrettast heilt konkret med tiltak retta mot satsingane i verdiskapingsplanen. Om ein skal inngå ein ny avtale må vurderast som ein del av vidare arbeid med program Ta kunnskapen i bruk og tidlegaste vedtak blir i første del av 2015.

Det vart i 2013 gjort eit fylkestingsvedtak på 1,225 til Tekno Vest og VRI. Tekno Vest har ikkje starta opp, og kr. 125 000 opphavleg sett av til dette prosjektet er disponibelt og går inn i salderinga. I sak til hovudutvalet no i september om VRI vert det lagt opp til å fullfinansiere VRI innovasjonsforskning i 2014, og endre noko på finansieringa for VRI samhandlingsprosjektet.

**Tilråding Kunnskap:**

Næringshagar: Det blir sett av 1. mill. kr. til næringshagar for begge åra 2015 og 2016. Inkubatorar er føresett finansiert av INU-FSF.

Kunnskap (inkludert FoU): Det vert sett av 0,850 mill. kr. til VRI-samhandlingsprosjektet for kvart av åra 2015 og 2016 og 0,8 mill. kr. til grunnstønad til Vestlandsforskning for kvart av åra 2015 og 2016. Det vert sett av 3,175 mill. kr. til satsing på kunnskap som skal dekke iverksetjing av verdiskapingsplanen og eventuell ny utviklingsavtale med høgskulen og Vestlandsforskning.

7.3.4 Tenesteområde 7000 Bedriftsretta satsingar

Det er avgjerande med ein god balanse mellom tilretteleggande satsingar, og bedriftsretta satsingar. Vi har tatt til orde for at den bedriftsretta delen ikkje må gå veldig mykje under 40 % av samla budsjett.

KMD har gitt føringar om å prioritere bedriftsretta innsats, samstundes er det på kort sikt her det ville vere mogleg å redusere noko sidan det ikkje er bindingar og det er den klart største potten på plan og næring sitt budsjett.

Tilrådd sum for 2015 er på 26,34 mill. kr. Dette utgjør 36,5 % av totalen. I 2016 dett løyving til Kalvøya ut og det er lagt opp til å auke løyvinga til Innovasjon Norge noko.

Tilrådinga føreset framleis løyving til IN gjennom Kap. 551, post 61.

**Tilråding Bedriftsretta satsingar:**

Det vert sett av 26,337 mill. kr. til Innovasjon Norge i 2015 og 31,485 mill. kr. i 2016.

7.3.5 Tenesteområde 7001 Kommunikasjonsteknologi

Breiband er sentral infrastruktur for å nå målsetjinga om arbeidsplassvekst og meir kunnskapsretta arbeidsplassar. Nasjonale midlar vert forvalta av Post- og teletilsynet gjennom ei ny ordning. I tråd med verdiskapingsplanen meiner fylkesdirektøren at fylkeskommunen må konsentrere innsatsen om rolla som arenabyggar, og å sikre snøgg og god gjennomføringa av prosjekta fylket får midlar til – samt bidra til at fylket får god utteljing frå nasjonale midlar.

IT-forum Breiband vil vere sentral nettverksarena, og det vert rådd til å sette av noko disponible midlar.

Vi har finansiert stilling innan rådgjeving til kommunane, nettverksarbeid og kompetanseheving ut 2015. Stillinga er flytta til kontorbudsjettet og er ikkje omfatta av denne saka.

**Tilråding Kommunikasjonsteknologi:**

Det vert sett av 1 mill. kr. til kommunikasjonsteknologi, fordelt på 0,5 mill. kr. til IT-forum breiband og 0,5 mill. kr. disponible for tilskot og satsingar.

7.3.6 Tenesteområde 7002 Bransjeretta satsingar

**Reiseliv**



Reiseliv har i dag finansiering frå INU-FSF på 4 mill. kr. Dersom dette dett vekk vil det ha store konsekvensar for den vidare satsinga på reiseliv. Sidan dette er vanskeleg å seie no, føreset vi ei vidare satsing gjennom post 61 og tek ei ny vurdering dersom føresetnadane endrar seg.

Budsjettet innan reiseliv er kraftig redusert siste åra. Den store nedgangen frå tidlegare år skuldast rammeauke til prosjekt og auka satsing som dett vekk.

Fylkeskommunen har i mange år prioritert internasjonal marknadsføring gjennom Fjord Norge. Frå 2011 til og med 2014 med ein ekstra innsats gjennom prosjekt Explore Fjord Norway. Evalueringa av dette prosjektet våren 2014 er gjennomgåande positiv. Fylkesdirektøren meiner internasjonal marknadsføring framleis er sentralt. Kjernenivået er i mai-saka sett til 1,45 mill. kr. som er nivået frå 2010. Det vert lagt opp til at administrasjonen i alle fylka skal tilrå ei løyving på om lag 3 mill. kr. i 2015, og at administrasjonen får fullmakt til å følgje dette opp. Sjølv om dette er ein del over kjernenivået er det likevel ein kraftig reduksjon sett opp mot innsatsen dei siste åra.

Fylkeskommunen har ein avtale med NCE tourisme som gjeld ut 2016, og avtale med destinasjonsselskapa ut 2015 på 3 mill. kr. I 2016 rår vi førebels til ein nedgang til 2 mill. kr. så får vi kome attende med drøftingar knytt til eventuell ny avtale seinare. Begge summene samsvarar med kjernenivået.

Det vert lagt opp til å ta vekk disponible midlar til styringsgruppa for reiseliv. Dette føreset framleis løyving gjennom post 61, der det har vore disponible midlar.

#### **Tilråding Reiseliv:**

Det vert sett av 6,550 mill. kr. i 2015 og 5,550 i 2016. I denne summen inngår 3 mill. kr. til Fjord Norge i 2015 og 2016, 0,350 mill. kr. til NCE i 2015 og 2016, 0,2 mill. kr. til administrasjon av styringsgruppa for reiseliv. Løyvinga til destinasjonsselskapa vert sett til 3 mill. kr. i 2015 og 2 mill. kr. i 2016.

#### **Sjømatnæringar**

Sjømatnæringar er prioritert satsing i verdiskapingsplanen. Mykje av arbeidet som ligg til fylkeskommunen går på arenabygging og arealplanlegging. Arbeidsinnsats vil vere sentralt, frå fleire sektorar og avdelingar. Det er også viktig å ha noko midlar til tiltak. Desse må konsentrerast om arenabygging og kompetanseheving. Det vert rådd til å sette av midlar til den igangsette satsinga på AHA (heilskapleg akvakulturforvaltning) og rekruttering og nye satsingar innan verdiskapingsplanen. I 2016 kan det hende det vil vere trong for noko meir midlar enn i 2015, dette rår vi til å kome tilbake til i neste års budsjettarbeid. Næringa må vere budd på å delta i finansieringa, dette gjeld særleg innan innovasjon og nyskaping i sjømatnæringa.

Det ligg inne løyvingar til Kalvøya Fiskerihamn ut 2015 på 2,670 mill. kr.

Aqua-Nor blir gjennomført i 2015, men her er finansieringa løyst gjennom midlar i Vestlandsprogrammet. Hovudutvalet må vurdere vidareføring av satsing på Nor-Fishing, vi legg førebels inn 0,350 mill. kr. i 2015 som kan dekke Nor-Fishing i 2016. I 2016 set vi også av 0,350 som kan nyttast til fullfinansiering av Nor-Fishing og til Aqua Nor 2017.

#### **Tilråding Sjømatnæringar:**

Det vert sett av 2,67 mill. kr. til Kalvøya Fiskerihamn i 2015.

Det vert sett av 0,050 mill. kr. til miljøseminar og, kr. 0,600 mill. kr. til AHA for kvart av åra 2015 og 2016. Det vert sett av 0,450 mill. kr. til oppfølging av program innan verdiskapingsplanen, både i 2015 og 2016.

Til marine messer vert det sett av 0,350 både i 2015 og 2016.

## Energi

Både fornybar energi og olje/gass er satsingar i verdiskapingsplanen. Innan begge områda meiner fylkesdirektøren at næringa sjølve må bidra til finansiering av satsinga. Mykje av satsinga er også bedriftsretta og vert dekkja gjennom Innovasjon Norge sine verkemiddel.

Når det gjeld Petroleumsrådet har dei enno noko midlar ståande til utviklingstiltak. Når denne summen tek slutt kan det bli aktuelt med noko midlar til olje og gass. Den diskusjonen meiner fylkesdirektøren vi får ta att når det blir aktuelt.

### Tilråding Energi:

Fylkesdirektøren meiner det er trong for å ha noko midlar innan tilretteleggande tiltak innan fornybar energi, og rår til å sett av kr. 0,4 mill. kr. for kvart av åra 2015 og 2016. Dette tilsvarar kjernenivå lagt i sak til hovudutvalet i mai 2014.

## Industri

I verdiskapingsplanen vert det lagt opp til at det vert utarbeida ein industristrategi. Fylkesdirektøren trur mykje av oppfølginga kan gjerast i andre satsingsområde, til dømes gjennom satsinga på kunnskap, industriutvikling knytt til fornybar energi og gjennom Innovasjon Norge sine program og verkemiddel. Sentralt i oppfølginga vil arbeidet med politiske problemstillingar vere. Satsinga vil også krevje administrativ arbeidsinnsats, særleg i fasen med utarbeiding av strategi.

Vi trur ikkje det er behov for store summer til tilretteleggande satsingar innan industri. Men det er naudsynt med noko handlingsrom. Truleg mest knytt til arenabygging, og kjøp av tenester på området.

### Tilråding Industri:

Det vert sett av 0,3 mill. kr. til industrisatsing for kvart av åra 2015 og 2016. Dette tilsvarar kjernenivå lagt i sak til hovudutvalet i mai 2014.

## Landbruk

Innan dette området er det lite midlar i budsjettet i dag. Det er lagt opp til at landbruk vert ei satsing i verdiskapingsplanen. Det vil vere naudsynt å ha noko midlar til å følgje opp dette området, sjølv om fylkesmannen er ein sentral aktør. Det vert rådd til å sette av 0,3 mill. kr. til landbruk, dette er ein liten auke frå 2014 grunna stor søknadsmasse.

### Tilråding Landbruk:

Fylkesdirektøren for næring rår til å sett av kr. 0,3 mill. kr til landbruk for kvart av åra 2015 og 2016.

### 7.3.7 Andre næringsområde

Noko midlar må vi ha for å gjennomføre satsingane, bestille analyser, evalueringar og liknande. Nivået på denne posten er 1,4 mill. kr. i dag, og då er arbeidet med verdiskapingsplanen ikkje inkludert.

Handlingsplanar og partnerskapsavtalar for verdiskapingsplanen er under arbeid, og alt innhald er ikkje konkretisert. Det er difor sett av 1,9 mill. kr. som skal nyttast til oppfølging av verdiskapingsplanen, og som skal omdisponerast til satsingsområda etter kvart som arbeidet vert konkretisert. Noko av desse midlane må også nyttast til oppfølgingsarbeid, som til dømes møtekostnader og analyser.

**Tilråding Andre område:**

Fylkesdirektøren for næring rår til å setje av 3,377 mill. kr. til tenesteområde 7009 – Andre næringsområde i 2015, og førebels setje av same sum i 2016.

**7.4 Programområde 480 – diverse fellesutgifter – budsjett 2015 og 2015**7.4.1 Tilpassing til rammene

Løyvingane til folkehelse har vore stabile over tid. I samband med start av Regional plan for folkehelse, var det semje om å søkje å halde oppe dagens aktivitet og budsjettmidlar. Prioriteringar og løyvingsnivå skulle ein så kome tilbake til gjennom handsaming av planen og tilhøyrande handlingsprogram.

Gjennom ny folkehelselov (2012) vart det lovkrav om å utarbeide helseovervaking. I tillegg vart det i same periode fleire kommunar som fylte krava om å få delfinansiering av stillingar som folkehelsekoordinator. Dette har ført til at det er gjort store interne omprioriteringar for å halde seg innafør eit «stabil» budsjett for programområdet.

Dei tenesteområda vi i dag har er vist i tabell under, med konkretisering av løyvingar for kvar satsing.

	2015			2016		
	Rammer øk. Plan	Endringar	Budsjett 2015	Rammer øk. plan	Endringar	Budsjett 2016
Partnerskapsavtalar kommunar	3,150	0	3,150	3,150	0	3,150
Nettverk partnerskapen	0,200	0	0,200	0,200	0	0,200
Helseovervaking	0,150	+0,075	0,225	0,150	0,150	0
Trygge lokalsamfunn	0,175	-0,075	0,100	0,175	-0,075	0,100
Universell utforming	0,100	0	0,100	0,100	0	0,100
Ernæringsarbeid	0,150	0	0,150	0,150	0	0,150
Danseverkstader i Sogn og Fjordane	0,150	0	0,150	0,150	0	0,150
Folkehelseomsyn i planlegging	0	0	0			
Psykisk helse	0,150	0	0,150	0,150	-0,150	0
Utviklingsavtalar frivillige	0,425	0	0,425	0,425	0	0,425
Tilskot lokale prosjekt	0,100	0	0,100	0,100	0	0,100
<b>Sum programområde 480</b>	<b>4,750</b>	<b>0</b>	<b>4,750</b>	<b>4,750</b>	<b>-0,225</b>	<b>4,525</b>

7.4.2 Tenesteområde 4802 - Folkehelse

Tenesteområdet er delt i to løyvingspunkt, men femner om tre hovudoppgåver:

- Drift av partnerskapen
- Helseovervaking
- Program/satsingar

**Drift av partnerskapen**

Partnerskapet for folkehelse er heimla i § 20 i folkehelselova og femnar om:

- partnerskapsavtalar med kommunane,
- utviklingsavtalar med frivillige,
- kompetanseutvikling gjennom ressursgrupper, nettverk og konferansar/samlingar.

Partnerskapsavtalar

FT-vedtak i sak 07/04 heimlar arbeidet med partnerskap mellom fylkeskommunen og kommunane. Budsjettet er alt sprengt i høve å dekke inn kr. 150 000 til kvar av dei 24 kommunane med avtale. Skriftlege avtalar gjer at vi ikkje kan spare inn noko på kort sikt. Dagens løyving er lågare enn det som ligg i tal deltakande kommunar, men av di einskildkommunar ikkje alltid er operative på feltet, vurderer vi det som forsvarleg å ikkje auke opp budsjettet. Arbeidet med fornying av avtalane er stansa for å vente på ei utgreiing omkring ordninga.

#### Utviklingsavtalar med frivillige

Fylkeskommunen har teikna utviklings-/samarbeidsavtalar med frivillige lag og organisasjonar for å utvikle og forsterke organisasjonane og fylkeskommunen sitt arbeid. Det vart i HPN-sak 25/13 gjort vedtak om ein prøveperiode for utviklingsavtalar frå 2013-2015. Ingen løyvingar vart knytt til saka. Kostnaden knytt til nye avtalar er så langt finansiert ved å omdisponere eigne midlar og lagt inn som eiga satsing. Det er teikna 3-årige utviklingsavtalar med 4 frivillige organisasjonar på til saman 0,425. Langsiktige konsekvensar av avtalar med frivillige bør vere ein del av utgreiingane inn mot langtidsbudsjettet.

#### Drift av nettverk/kompetanseheving

Fylkeskommunen driftar fleire ressursgrupper og nettverk på fagnivå. Arbeid med kompetanseheving skjer gjennom eigne konferansar og samlingar, og deltaking på nasjonale samlingar og konferansar.

#### **Helseovervaking**

Dette området er nytt frå 2012 då folkehelselova kom. Fylkeskommunen har etablert arbeidet utan ekstra løyvingar, men omprioritert innafor gjeldande rammer frå ulike satsingar innan folkehelse (administrative ressursar og kr. 150.000 til kjøp av tenester). Midlane er knytt til gjennomføring av ungdomsundersøkinga (siste år 2015). Det er ikkje nye undersøkingar knytt til utfordringar og kunnskap om dei faktorane som kan gje positiv gevinst for utvikling av god helse/trivsel, og redusere sosial ulikskap.

#### **Program/satsingar**

Satsingsområda er heimla i folkehelselova og i stor grad ei vidareføring av satsingane i førre fylkesplan. Regional plan for folkehelse som er under utarbeiding vil legge eit nytt grunnlag for å vurdere og prioritere satsingar. Det er ikkje sett av midlar i budsjettet til nye satsingar.

#### **Tilråding programområde 480, tenesteområde 4802 Folkehelse :**

Fylkesdirektøren rår til at løyvingane til folkehelse i 2015, vert halden på 4,740 mill. kr., men at det for 2016 vert gjort ein mindre reduksjon på 0,225 mill. kr., som endrar løyvinga til 4,525 mill. kr.

## **7.5 Programområde 715 Lokal og regional utvikling – budsjett 2015 og 2016**

### 7.5.1 Tilpassing til rammene

Programområdet var tidlegare prega av sakshandsaming og uttalar til reguleringsplanar, dispensasjonar m.m. Arbeidet er no vridd meir mot strategisk planlegging og støtte til lokalt planarbeid med statistikk og analyser i Fylkesspegelen og konkrete analyser til einskildkommunar/regionar etter behov. Det er omprioritert ressursar mellom ulike satsingar for å få rom til eit kompetansemiljø for at fylkeskommunen kan ta rolla som ein regional aktør på statistikk og analyse. Større vekt på regional planlegging (sidan 2012) har vore den sterkaste drivkrafta for å endre arbeidsformer/oppgåver.

Dei økonomiske rammene har blitt tilpassa gjennom å kutte i ulike tilskotsordningar. Dei to siste åra er det kutta over 6 mill. kr. i tilskotsordningar der kommunane var målgruppa for ordningane. Det er framleis slik at det på kort sikt er tilskotsordningane det er mogleg å gjere innsparingar på, sjølv om desse no er sterkt avgrensa.

### 7.5.2 Tenesteområde 7151 - Regionalt plan og utviklingsarbeid

Tenesteområdet er delt i to ulike satsingar, utan at det i budsjettet er gjort separate avgrensingar av midlane mellom dei. Alt ligg i ein «pott».

#### **Regional planlegging**

Regional planlegging er ei av dei 3 prioriterte hovudoppgåvene for avdelinga plan og samfunn. Regional planlegging er eit samla system for offentleg planlegging i fylket og skal ligge til grunn for den fylkeskommunale verksemda og vere retningsgjevande for kommunal planlegging og statlig verksemd i fylket. Planlegginga skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging etter lova skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgåver og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Planlegging og vedtak skal sikre ei medverknad som er open og føreseieleg for alle som har interesser og/eller mynde. Den skal legge vekt på langsiktige løysingar, og ein skal omtale konsekvensar for miljø og samfunn.

Fylkeskommunen er tillagt rolla som samordnar, koordinator og har ein planfaglig og politisk rolle bl.a. som rettleiar for kommunane, som ansvarlig for planforum (for samordning av regionale myndighetsorgan), i høve kommunale planar.

I løpet av 2014 (våren 2015) er fire av fem regionale planar gjennomført i tråd med vedtaket i regional planstrategi. Deler av planarbeidet for regional plan for folkehelse vil stå att (Handlingsprogrammet) og Regional plan for kysten (Kystplanen) vil starte opp våren 2015. Kartleggingsprosjektet for sjøområda vil og starte opp våren 2015, og vil krevje både administrative ressursar og finansiering. Samtidig må vi og starte arbeidet med Regional planstrategi 2017-2020. Det vil vere krevjande å startar opp i 2015 og vil krevje mykje ressursar frå tenesteområdet.

#### **Regionalt utviklingsarbeid**

Området er tett knytt til arbeidet med regional planlegging. Som del av tenesteområdet ligg utgifter til vidareutvikling av Fylkesspegelen og anna analysearbeid som grunnlag både for regionalt og lokalt plan og utviklingsarbeid.

Aktivitetane er og knytt til tilskot til regionale utviklingsprosjekt og samarbeidstiltak mellom fleire kommunar. I gjeldande avtalar med regionråda er det henta midlar frå dette tenesteområde for å utvide avtalane for 2014, ut over grunnløyvinga på 550 000 til kvart regionråd. Tildelingane vert gjort gjennom HPN.

#### **Tilråding Tenesteområde 7151- Regionalt plan og utviklingsarbeid:**

Fylkesdirektøren gjer framlegg om å sette av 1,900 mill. kr. for åra 2015 og 2016. Fylkesdirektøren ser store utfordringar i å klare å følgje opp dei forventningane som ligg til regional planlegging åra som kjem, og rår ikkje til at det vert gjort reduksjon i løyvingane. Fylkesdirektøren har gjort konkrete framlegg om endringar mellom tenesteområda, for betre å spegle den faktiske kostnadsdekkinga. Ført over kr. 100.000 til tenesteområde 7153.

Fylkesdirektøren vil rå til at det ved seinare vedtak om utarbeiding av regionale planar, vert knytt ressursar direkte til dei einskilde planarbeida.

### 7.5.3 Tenesteområde 7152 - Lokalt plan og utviklingsarbeid

#### **Tettstadutvikling/sentrumsutvikling**

Tettstadforming er ein viktig del av den regionale utviklinga i fylket. Tilskota som vert gitt er ikkje knytt til lovpålagte oppgåver, men er knytt til KMD sine forventningar til bruk av statlege utviklingsmidlar som vert gitt til fylket. Fylkesdirektøren meiner dette er eit viktig satsingsområde for å nå målet om folketalsvekst og som er felt ned i vedteken regional planstrategi. Ved reduksjon i dei regionale utviklingsmidlane frå KMD vil det vere naturleg at det og får konsekvensar for tildelinga til tettstadforming.

I HPN si tildeling av tettstadmidlar i år vart det gjort ei vurdering av behov til å styrke kunnskapen om sentrumsutvikling i kommunane. Ei vesentleg redusering av ramma vil sette ytterlegare press på at det må bli gjort val om bruk av midlar til fysiske tiltak eller til utgreingar og kunnskap.

I avdelinga sitt budsjett er det få større løyvingar som gir rom for store kutt. Midlar til tettstadforming er ei av dei få områda. Fylkesdirektøren gjer framlegg om at store deler av innsparingskrava for åra 2015 og 2016, vert tekne frå desse midla.

### **Regionvise utviklingsprogram**

Fylkeskommunen har avtalar med dei ulike regionråda i fylket, etter politisk ønskje om å styrke regionråda økonomisk. Gjennom arbeid med utviklingsavtalane er det etablert ein dialog med regionråda, med tanke på å erstatte dagens ordning med «tilskot til einskildaktivitetar», med meir langsiktige utviklingsavtalar basert på drøfting av strategiar og effektar av arbeidet. Midlane som er sett av til samarbeidet har vore uendra sidan etableringa og utgjer totalt kr. 2,2 mill. kr.

### **Bygdeutvikling**

Fylkeskommunen har delteke i den statlege satsinga på bygdeutvikling gjennom økonomisk støtte til programmet som har blitt leia av fylkesmannen. Programmet var forankra i tidlegare fylkesplan og har helde fram til inneverande år. Frå 2015 står fylkeskommunen fritt til å utvikle eigne strategiar for bygdeutvikling, eller nytte ressursane på andre utviklingsområder. Målet med programmet har vore å utvikle livskraftige lokalsamfunn gjennom lokalt initiativ og lokale prosessar.

Sogn og Fjordane har mange små bygdesamfunn, og relativt få store tettstader og byar. Bygdeutvikling er difor ein naturleg del av lokal og regional utvikling i vårt fylke og bør vere ein del av satsinga på lokal utvikling. Det er difor ikkje sett av eigne midlar til bygdeutvikling i budsjettet for 2015 og 2016.

### **Idérique bygder**

Idérique bygder er ein fylkespris til bygdesamfunn som fremjar bu- og tiltakslystlyst på ein nyskapande måte. Fylkesdirektøren ser ingen grunn til å fremje endringar i å dele ut denne prisen som ein inspirasjon til aktive lokalsamfunn.

### **Bulyst**

Fylkeskommunen har deleteke i staten si Bulyst satsing og er forplikta til å delta økonomisk i avslutning av prosjekta. Økonomisk gjeld dette Solund til 1000, som får løyving og i 2015 (overført frå tidlegare år). Ut over prosjektfinansiering, har fylkeskommunen gitt rådgjeving og fagleg støtte.

### **Småkommuneprogrammet**

Dette er ei statleg satsing der det vert forventta fylkeskommunal medverknad. Kommunane Balestrand og Hornindal er med i satsinga. Det er ikkje sett av økonomiske eller administrative ressursar til å følgje opp satsinga til staten.

### **Lokal samfunnsutvikling i kommunane**

Dette er ei statleg satsing som vert avvikla i år. Det er løyvd statlege midlar til fylkeskommunane for å utvikle kunnskap og kapasitet i fylkeskommunane for å være støttespelarar til kommunane i deira rolle som utviklingsaktørar.

Fylkeskommunen har etablert Fylkesspegelen og eit styrka miljø på statistikk og analyse som ein viktig del av dette. Det er og gitt støtte til kommunane med prosesskompetanse. Alle tiltaka vi skal vidareføre er lagt inn i dei aktuelle tenesteområda.

### **Søknad om konsesjon til kraftutbygging og kraftliner**

Handsaming av konsesjonssaker har ingen «post» i budsjettet, men det vert nytta eit årsverk til denne oppgåva. I gjennomgangen har vi prioritert å legge omtalen til tenesteområde 7152 av di det rører ved mange fagområde, og det er ein del av det totale arbeidet i samband med lokalt

plan og utviklingsarbeid. Innan same programområde ligg og dei førande regionale planane (regional plan for vindkraft og regional plan for tema knytt til vasskraft).

Hovuddelen av den administrative ressursen vert nytta til å handsame uttalar til NVE på konkrete konsesjonssaker. I tillegg har fylkeskommunen forvaltningsoppgåver knytt til å gje konsesjon til mindre vasskraftanlegg. Til stillinga er og lagt handsaming av søknadar om ENØK tilskot frå eige fond. Tildelingane skal avviklast når fondet er tomt.

Fylkesdirektøren meiner det er grunnlag for å vurdere bruken av dei fylkeskommunale ressursane for å gje uttale til konsesjonssaker der staten ved NVE gjev løyve. Vi bør sjå både på behovet for kompetanse i organisasjonen, ressursbruken opp mot den påverknaden vi meiner å ha og i høve det tal saker som vert forventa i åra framover. Fylkesdirektøren gjer difor framlegg om at dette vert greidd ut som ein del av økonomiplanprosessen for 2016 – 2019.

#### **Tilråding Tenesteområde 7152 - Lokalt plan og utviklingsarbeid:**

Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av 4,318 mill. kr. for 2015 og 3,820 mill. kr. i 2016. Det er då rådd til å ei redusering av ramma til tettstadforming på kr. 1,450 mill. kr. i 2015 og 1,725 mill. kr. i 2016. Endringar i løyvingane er reversible, og fylkesdirektøren vil kome tilbake til behovet for å sjå på dei meir langsiktige konsekvensane i saka om utgreiingsbehov i økonomiplanen for 2016 – 2019.

#### 7.5.4 Tenesteområde 7153 – Fellesfunksjonar og støttefunksjonar

##### **Geografisk informasjonssystem - GIS**

Fylkeskommunen nyttar geografisk informasjonssystem (GIS) som støtte til arbeid med statistikk og analysar, m.a. i Fylkesspegelen, og ved konkrete førespurnadar frå kommunane og andre samarbeidspartar i fylket. GIS vert nytta til å illustrere og synleggjere relasjonar, mønster og trendar i form av kart, globusar, rapportar og diagram. Kjerneverksemda er knytt til kostnader med programvare, teknisk utstyr og kompetanseutvikling.

GIS kompetansen vert og nytta i høve andre avdelingar for kompetanse og utstyr knytt til registrering og stadfesting på kart (kulturminne, busshaldeplassar m.m.). Fylkesdirektøren rår til å ikkje gjere reduksjon i løyvingane i budsjetta for 2015 og 2016.

##### **Panda/analyse**

Panda er eit analyse- og simuleringsverktøy til bruk i regional og kommunal planlegging og fylkeskommunen vart medlem i den regionale Pandagruppera i 2013. Det vart då oppretta eiga stilling for statistikk og analyse (omprioritert frå ei planstilling).

Det er ikkje sett av eigne midlar ut over personalressursar til arbeidet. Fylkeskommunen er forplikta på ein årleg kostnad på om lag kr. 70.000 til medlemskap i PANDA. Fylkesdirektøren rår difor til å ikkje sette av kr. 100.000 i budsjettet. Auka vert teken frå Tenesteområde 7151, der kostnadane har lagt av di dette var eit tiltak i arbeidet med å styrke regional planlegging.

##### **Ungdomstiltak**

Fylkeskommunen vil involvere ungdom meir i det framtidige arbeidet med regional utvikling. Ungdom er ei viktig målgruppe for utviklingsarbeidet i fylket, og det er gjennomført eigne verkstadar og tatt i bruk ulike metodar for å involvere ungdom gjennom eit samarbeid med Ungdomspolitisk utval (UPU). Denne satsinga er sett i samanheng med arbeidet med regionale planar. Skal fylkeskommunen framleis sette av frie midlar til å involvere ungdom, bør vi drøfte om midlane bør bli knytt til kulturavdelinga sitt arbeid med ungdom, for å samle ressursane.

Det kjem fleire søknader til HPN om ulike prosjekt og tiltak for rekruttering av ungdom. I høve ungdom er det få regionale prosjekt for å styrkje attraktiviteten og rekruttering av unge til fylket. Det er eit stort behov for slike tiltak, og det må inn vesentlege midlar om det skal gje effekt. Dei disponible midlane kan og bli nytta til å støtte opp under slike prosjekt. Kjerneområde vart sett til 0,2 mill. kr. for å gjere det synleg at det bør ligge noko økonomi om vi skal ha fokus på dette. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til vurderingar omkring satsinga mot ungdom frå fleire avdelingar. Det er mogleg å tenkje seg at ein i større grad samordnar ansvar og oppgåver.

Fylkesdirektøren meiner det er naudsynt å halde oppe nivået på løyvingane og gjer ikkje framlegg om kutt i budsjettet for 2015 og 2016.

**Tilråding Tenesteområde 7153 - Fellesfunksjonar og støttefunksjonar:**

Fylkesdirektøren meiner det er naudsynt å halde oppe nivået på løyvingane på tenesteområde 7153 Fellesfunksjonar og støttefunksjonar og gjer ikkje framlegg om kutt i budsjettet for 2015 og 2016. Fylkesdirektøren gjer framlegg om å auke budsjettet for 2015 og 2016 til 0,438 mill. kr., ved å flytte kr. 100.000 frå tenesteområde 7151.

7.5.5 Tenesteområde 7157 – Internasjonalt arbeid

Hausten 2013 vart Internasjonal strategi 2014-2017 vedteken. Strategien er bygd på dei intensjonane som ligg i fylkeskommunen sine overordna strategiar. Internasjonal strategi skal vere førande både for overordna politisk deltaking og for utvikling av fagområde og prosjektdeltaking i fylkeskommunen.

Budsjettet til Internasjonalt arbeid er i økonomiplanen for 2015 på 0,660 mill. kr. Dette nivået vart i junisaka definert som kjernenivå. Fylkeskommunen er medlem i fire organisasjonar; CPMR, Nordsjøkommisjonen, Euromontana og Vest-Norges Brusselkontor. Medlemskontingent utgjer om lag 0,400 mill. kr. Resterande del av budsjettet vert nytta til administrativ deltaking i møter/arrangement i samband med desse organisasjonane.

Eit kjernenivå på 0,660 mill. kr føreset at sektorane sjølv dekker eigne reiseutgifter i samband med møter knytt til andre internasjonale arena. Det gir ikkje rom for å sette av administrative ressursar til å utvikle kunnskap om satsingar innan EU eller andre programsamarbeid, eller følgje og støtte det politiske arbeidet internasjonalt.

Med bakgrunn i nyleg vedteken internasjonal strategi for fylkeskommunen, rår fylkesdirektøren til at det ikkje vert gjort nokre gjennomgripande vurdering av dette arbeidsområde for økonomiplanperioden 2016 – 2019, men at dette vert gjort i neste periode. For dei fyrste åra vert det rådd til at arbeidet vert konsentrert omkring arbeidsformer for å få meir erfaring med kva vi kan erfarings på kva vi kan få til innafor dei rammene som ligg.

**Tilråding Tenesteområde 7157 - Internasjonalt arbeid:**

Fylkesdirektøren meiner det er naudsynt å halde oppe nivået på løyvingane med 0,660 mill. kr., og gjer ikkje framlegg om kutt i budsjettet for 2015 og 2016.

**7.6 Programområde 716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk – budsjett 2015 og 2016**

7.6.1 Tilpassing til rammene

Programområdet omfattar i hovudsak administrative ressursar innanfor klima/miljø, friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av haustbare, ikkje-truga artar av vilt og innlandsfisk. Det ligg og innsamling av miljødata, rettleiing innanfor område og bistand og uttalar i samband med regional planlegging, kommunal og privat planlegging, utbyggingsverksemd, driftsstønad til friluftorganisasjonar og tilskot innan friluftsliv. For å få dette til er det etablert søknadsbaserte ordningar med økonomisk støtte og utviklingsavtalar for å styrke frivillige samfunnsbyggande organisasjonar med komplementær kompetanse og aktivitetsretta fokus. Fleire av områda forvaltar statlege midlar.

7.6.2 Tenesteområde 7163 – Klima og miljø

Handlingsprogrammet, vedteke av FT i 2013, ligg til grunn for arbeidet med klima og miljø fram mot ny rullering hausten 2015. Skal vi nå dette målet må satsinga bli følgt opp med budsjettmidlar.

Kjerneoppgåver innafor klima og miljø er å:

1. Følgje opp tiltaka i fylkesdelplan for klima og miljø
2. Redusere utslepp frå aktivitet i fylkeskommunal verksemd



3. Inngå samarbeid rundt tiltak for utsleppsreduksjon med kommunar, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv i fylket
4. Styrke kunnskap og forskning rundt utsleppereduksjon og klimatilpassing på regionalt og lokalt nivå.

I 2015 vil fylkeskommunen bruke midlar på å redusere utslepp frå eiga verksemd, og styrke klimasatsinga i vidaregåande skule. Fylkeskommunen arbeider vidare med å miljøsertifisere eiga verksemd, gjev tilskot til bedrifter som miljøsertifiserer seg og med haldningsskapande arbeid i dei vidaregåande skulane for å auke bruk av økologisk og kortreist mat i kantine på skulane. Fylkeskommunen vil vidareføra samarbeidsavtalar med frivillige lag og organisasjonar, knytt til utsleppereduksjon, samstundes som vi utviklar samarbeidet med næringslivet og kommunane. I 2015 vert det gjort utreiingar rundt miljøvenlege teknologialternativ når det gjeld buss og ferje, samstundes som fylkeskommunen vil bidra til å utvikla ny forskning og kunnskap rundt klimatilpassing.

Det er sett opp eit detaljert budsjett for dei ulike satsingsområda i tråd med vedteke handlingsprogram til Regional plan for klima og miljø og gjort ei ny intern fordeling. Totalt vert det opna for å redusere budsjettet for 2015 med 0,1 mill. kr.

Budsjettet er etter det delt slik mellom 5 ulike område:

1) Styrking av frivillig sektor	kr. 250 000
2) Berekraftig lokalsamfunnsutvikling	kr. 250.000
3) Berekraftig næringsutvikling	kr. 250 000
4) Berekraftig samferdsle	kr. 800 000
5) Klima- og miljøarbeid internt i fylkeskommunen	kr. 350 000

#### **Tilråding Tenesteområde 7163 – Klima og miljø:**

Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av 1,9 mill. kr. til tenesteområdet. I det ligg det eit mindre kutt på 0,1 mill. kr. i 2015 og 2016. Eit så lite kutt er grunna i at det bør vere stor grad av føreseieleg oppfølging av vedteke handlingsprogram knytt til regionale planar.

#### 7.6.3 Tenesteområde 7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning

Kjerneoppgåvene i programområde Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk handlar om å leggje til rette for berekraftig (natur-) ressursforvaltning (jamfør plan- og bygningslova § 3-1). Innanfor friluftsområdet skal fylkeskommunen bidra til å fremme ålmentas interesser og leggje til rette for friluftsliv, i tråd med ansvaret gitt i spesiallover og overordna lover. Fylkeskommunen forvaltar statlege tilskotsordningar til friluftslivsføremål.

I 2013 vart Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014–2017 vedteken. Planen gjev retningslinjer for tiltak i fylket, i regi av regionale aktørar, kommunane og frivillige organisasjonar. Prøveprosjektet med utviklingsavtaler, er ei oppfølging av planen sitt handlingsprogram. Dette gjeld basisfinansiering av NJFF Sogn og Fjordane, FNF Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane turlag. Innanfor planen sitt handlingsprogram er det sett av midlar til satsing på:

- Etablere friluftsråd
- Prosjekt ung meistring i vill natur, i regi av Sogn og Fjordane turlag
- Merking og gradering av turløyper (gjennom deltaking i det nasjonale turskilteprosjektet)
- Prosjekt naturbasert friluftsliv, i regi av FNF Sogn og Fjordane

Eit fundament for arbeidet i dag er statlege tilskot. Dei statlege tilskota til desse områda, er så langt ikkje redusert (men heller ikkje auka monaleg).

#### **Friluftsliv**

Den administrative ressursen vert nytta til rådgjeving/opplysing, nettverksbygging, kompetanseutvikling, medan driftsmidlar vert nytta til kostnader ved arbeidet, kostandar ved å gjennomføre tiltak i regional plan og til utviklingsavtalar med organisasjonar.

Dei administrative ressursane vert og nytta til forvaltningsoppgåvene knytt til tildeling av statlege midlar, søknadar om tiltak for kultivering i vassdrag og stiltak og søknadar om selfangst.

### Vilt- og fiskeforvaltning

HPN (sak 70/12) vedtok ein strategi for vilt- og fiskeforvaltning. Målet for strategien er at vilt- og fiskeressursane skal vere grunnlag for eit variert jakt- og fisketilbod og for utvikling av næringsverksemd. Fylkeskommunen skal jobbe etter tre strategiar for å fremje målet:

- Styrking av kunnskapsnivået, om vilt og innlandsfisk, i Sogn og Fjordane.
- Betre organisering av vilt- og innlandsfiskeforvaltning på grunneigarsida.
- Utvikling av effektive forvaltingsmodellar for innlandsfisk og vilt.

### Verdsarv, natur- og kulturparker

Fylkeskommunen er vertsfylke for eit verdsarvområde og med som stiftar av stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Fylkeskommunen har i dag ingen økonomisk forpliktning på drift av stiftinga. Fram til og med 2013 budsjetterte fylkeskommunen med 0,900 mill. kr. til Verdsarv, natur- og kulturparker, der 0,300 mill. kr årleg vart brukt til prosjekt i verdsarvområdet.

Som ei oppfølging av Kystarven som verdiskapar er det sett gang eit forprosjekt for å etablere ein regional natur og kulturpark i HAFS med Solund som prosjektansvarleg. Dette er ei satsing forankra i HPN (sak 71/13), som eit organisatorisk verkemiddel for å styrke verdiskapinga med basis i natur og kultur.

Det er ikkje sett av midlar til dette området i budsjettet. Prosjekta vert no støtta gjennom fellesposten HPN har til disposisjon eller andre frie midlar. Fylkesdirektøren har fremja støtte til dette området som eit utviklingsområde for ny satsing.

### Vassforvaltning

Fylkeskommunen er vassregionmyndigheit for vassregion Sogn og Fjordane, med ansvar for å utarbeide ein regional plan for vassforvaltning med eit tilhøyrande tiltaksprogram. Det er tilsett prosjektleiarar i kvar av dei fire vassområda i vår region. Organiseringa av vassområda er under diskusjon.

Det er administrative ressursar tilsvarande ei stilling til å drive planarbeidet, og budsjetterte midlar på 0,300 mill. kr. som økonomisk støtte til drift av vassområda. Fylkesdirektøren ser ikkje at det er mogleg å redusere i støtta til vassområda, om planarbeidet skal halde fram i tråd med gitte fristar. Planarbeidet er sterkt lovregulert og staten bidreg i finansieringa.

#### Tilråding Tenesteområde 7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning

Fylkesdirektøren rår til at det ikkje vert gjort kutt i ramma til tenesteområde og at det vert sett av 1,5 mill. kr. for åra 2015 og 2016. Reduksjon i ramma, vil svekke arbeidet inn mot regionale planar, støtte til kommunane sitt arbeid, og svekke dei frivillige organisasjonane i fylket. Kutt i desse rammene bør skje etter ei nærare utgreiing av langsiktige konsekvensar.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn rår til at det vert tildelt/etablert eiga ramma for oppfølging av verdsarvområdet. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til dette i saka om utgreiingar i samband med økonomiplanen for 2016 – 2019, men ser det som naturleg alt no å peike på at det er ein mangel på ei langsiktig oppfølging av verdsarvområdet og etablering av natur og kulturparker.

## 8. Oppsummering/tilråding

Fylkesdirektør for plan og samfunn og fylkesdirektør for næring rår til at hovudutval for plan og næring gjer følgjande disponering på tenestenivå for åra 2015 og 2016:

PROGRAMOMRÅDE 400			
Tenesteområde	B-2014	B-2015	B-2016

4005 -Hovudutvalet - til disposisjon	1,025	0,825	0,825
<b>Sum</b>	<b>1,025</b>	<b>0,825</b>	<b>0,825</b>

Ligg på forvaltning.

<b>PROGRAMOMRÅDE 700 – TILRETTELEGGING OG STØTTEFUNKSJONAR FOR NÆRINGSLIVET</b>			
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>
7005 – Nyskaping	24,537	23,780	20,780
7008 – Kunnskap	5,825	5,825	5,825
7000 – Bedriftsretta satsingar	32,700	26,337	31,485
7001 – Kommunikasjonsteknologi	1,511	1,000	1,000
7002 – Bransjeretta satsingar	14,520	11,670	8,000
7009 – Andre næringsområde	5,127	3,377	3,377
<b>Sum</b>	<b>84,220</b>	<b>71,989</b>	<b>70,467</b>

Budsjett 2014 er inkludert bruk av fond

<b>PROGRAMOMRÅDE 480 – DIVERSE FELLESUTGIFTER (FOLKEHELSE)</b>			
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>
4802 – Folkehelsearbeid	4,750	4,750	4,525
<b>Sum</b>	<b>4,750</b>	<b>4,750</b>	<b>4,525</b>

Ligg på forvaltning.

<b>PROGRAMOMRÅDE 715 – LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING</b>			
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>
7151 – Regionalt plan og utviklingsarbeid	2,000	1,900	1,900
7152 – Lokalt plan og utviklingsarbeid	6,728	4,318	3,820
7153 – Fellesfunksjonar og støttefunksjonar	0,338	0,438	0,438
7157 – Internasjonalt arbeid	0,660	0,660	0,660
<b>Sum</b>	<b>9,726</b>	<b>7,316</b>	<b>6,818</b>

<b>PROGRAMOMRÅDE 716 – FRILUFTSLIV, VASSREGIONSTYRESMAK OG FORVALTNING AV VILT OG INNLANDSFISK</b>			
<b>Tenesteområde</b>	<b>B-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>
7163 – Klima og miljø	2,000	1,900	1,900
7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning	1,100	1,100	1,100
<b>Sum</b>	<b>3,100</b>	<b>3,000</b>	<b>3,000</b>

Administrasjonen meiner at fylkeskommunen er ikkje rettsleg bundne til avtalen med Nordic Mining og kommunane Naustdal og Askvoll om inkubatoraktivitet knytt til rutilutvinning i Engebøfjellet. Det er difor ikkje trong for å re-forhandle avtalen. Det er ikkje rom innanfor gjeldande rammer til å oppfylle målsetjinga om å delta med midlar til inkubatoraktivitet.

Fylkesdirektør for næring rår til at Nordfjord Hamn IKS får avslag på søknad om tilskot til utbygging av terminal retta mot sjøbasert næring utanom fiskeri i Barstadvika.

Film er ikkje innanfor prioriterte næringsssatsingar og fylkesdirektøren for næring rår til at det vert ikkje inngått ny avtale med Western Norway Film Commission og Filmfondet Fuzz AS.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn har ikkje funne rom for tilskot til prosjektet *Liv i Sogn*, frå kommunane Balestrand, Høyanger og Vik innafor gjeldande økonomiske ramme. Fylkesdirektøren rår til at hovudutvalet tek prosjektet med som eit marginaltiltak i den vidare budsjettprosessen.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn har ikkje funne rom for å gje tilskot til prosjektet Naustdal fortel innafor dagens økonomiske ramme. Hovudutvalet tek prosjektet med som eit marginaltiltak i den vidare budsjettprosessen.

Fylkesdirektøren for plan og samfunn rår hovudutvalet til å prioritere disponering av midlar avsett på tenesteområde 7152 tettstadforming for 2015 og 2016, med totalt kr. 3,0 mill. kr., for å fullføre delfinansieringa av Fjordstien i Sogndal.

Område som skal utgreiast opp mot innsparingskravet for åra 2017-2019 vert å kome attende til i eiga sak.